



Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Modalen kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Modalen kommunestyre har i møtet 09.12.2021, sak 59/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Modalen kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 har kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, og til å setje av midlar på fond til eigenfinansiering av investeringar. Folketalet viser ei positiv utvikling, og inntekter per innbyggjar ligg godt over landssnittet. Måltala ligg over det anbefalte nivået.

Dei låge årlege investeringane i perioden er tilpassa kommunen sin økonomi, og i tråd med mål om eit årleg driftsresultat på tre prosent, reduksjon i lånegjelda og mål om å byggje opp disposisjonsfond.

Budsjett- og økonomiplandokumenta er i samsvar med lov og forskrift, er oversiktlege og eit godt plan- og styringsdokument. Det er bra at det er med mål for kvart tenesteområde over tiltak og aktivitetar for det kommande året.

Budsjett 2022

Budsjettet er i balanse med eit positivt netto driftsresultat på 3,1 mill. kroner, som tilsvarar om lag tre prosent av driftsinntektene. Driftsresultatet vert avsett til disposisjonsfond.



Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) ligg litt lågare enn det prognosemodellen viser etter saldert budsjett og oppdaterte skattetal.

For 2022 utgjer kommunen sine inntekter frå kraftproduksjon (naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt) 40,8 prosent av dei samla driftsinntektene. Årlege svingingar i inntektene kjem som følge av endringar, som i hovudsak dei siste åra knyter seg til eigedomsskatten. Kommunen har berre eigedomsskatt på kraftproduksjon og kraftlinjer.

Sum investeringar i anleggsmidlar utgjer 2,95 mill. kroner i 2022. Dei største investeringane er nytt ventilasjonsanlegg på Modalstunet, leikeplass Kleivane og uteområde ved Mo skule. Kommunestyret har vedteke at investeringane skal finansierast ved bruk av fond, og ikkje lånefinansierast.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Økonomiplanen er i balanse og viser at netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter er positive for alle åra i planperioden. Resultatet går noko opp i 2023 til 3,9 mill. kroner, men ligg elles i perioden på om lag 3,2 mill. kroner. I 2023 utgjer resultatet 3,8 prosent av brutto inntekter, og om lag 3,1 prosent dei andre åra. Kommunen ligg likevel godt over det tilrådde nivået, og driftsresultatet vert avsett til fond kvart år.

Overføringar til tenesteområda samla vert redusert i 2022, etter reduksjon i overføring til pleie og omsorg. Overføringane aukar att frå 2023 og vert vidareførte på om lag same nivået resten av perioden. Auken skuldast ekstra overføringar frå 2023 til området rådmann/sentraladministrasjon.

I planperioden vert det lagt opp til mindre investeringar kvart år på 2,6 mill. kroner i 2023, 1,65 mill. kroner i 2024, og 2,6 mill. kroner i 2025. Alle investeringane vert finansierte med eigne midlar (bruk av fond). Samla investeringar i heile perioden utgjer 9,8 mill. kroner.

Etter store investeringar i 2020 og 2021 er nivået på investeringane i inneverande periode no tilpassa ei maksimalramme på tre mill. kroner kvart år. Dette er tilpassa kommunens økonomi og for å oppnå eit netto driftsresultat på om lag tre prosent kvart år. Avdragsutgiftene vert dermed reduserte for kvart år. Ved utgangen av perioden er det budsjettert med ei samla lånegjeld på om lag 54,6 mill. kroner. Det er lagt inn litt auke i renteutgifter grunna forventta renteoppgang i perioden.

Grunna låge investeringar og ingen låneopptak i perioden, og at drifta blir saldert med årleg avsetjing til fond, fører dette til at samla disposisjonsfond aukar for kvart år.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Modalen kommunestyre har vedteke følgjande måltal i prosent av inntekter:



	mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	3 %	3 %	3,1 %	3,8 %	3,2 %
Lånegjeld	60 %	58,7 %	56,5 %	54,2 %	52,6 %
Disposisjonsfond		7,6 %	8,6 %	11,3 %	12,2 %

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, og til å setje midlar av på fond til eigenfinansiering av investeringar. Folketalet viser ei positiv utvikling, og inntekter per innbyggjar ligg godt over landssnittet. Måltala ligg godt over anbefalte nivå.

Svingingar i eigedomsskatteinntektene siste åra viser at kommunen er sårbar for slike endringar. Det er derfor fornuftig å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar, med tanke på at til dømes nødvendige utbetringar i infrastruktur ofte vil få ein høg kostnad i høve til talet på brukarar eller innbyggjarar.

Budsjett- og økonomiplandokumenta er i samsvar med lov og forskrift, er oversiktlege og eit godt plan- og styringsdokument. Det er bra at det er med mål for kvart tenestemråde over tiltak og aktivitetar for det kommande året.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent